



Leiar i Kvinnherad Turlag Anne Kari Enes (her i rolla som indianar ved Fjellandsbø i fjor) fristar mellom anna med kajakk-kurs for jenter i Uskedalen denne sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Turlag har eit allsidig tilbod. Denne sesongen lokkar leiar Anne Kari Enes og dei andre til dømes med eit introduksjonskurs i kajakkpadling, berre for jenter. Det skal haldast i Uskedalen 20. juni, som er ein fredag.

Kurset skal gje deltakarane ein introduksjon til kajakken og det utstyr som krevst og det blir også enkel, praktisk øving i bruken av kajakk, åre, trekk og vest går det fram av innbydinga. Mellom anna blir det innføring i padleteknikk og sikker entring av kajakken frå land og etter velt.

Deltakarane må sjølv ordna seg med kajakk og nødvendig utstyr. Alle skal i sjøen og derfor må dei ha med ekstra kle og våtdrakt om dei har, skriv Anne Kari, som sjølv er kontaktperson i samband med kurset saman med Gunnlaug Vågen Tjelmeland, Dei opplysningane ein ellers treng er å finna på turlaget si heimeside.